
Saksnr: 2020/62195-2
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 23.11.2020

Til: Fylkeseldrerådet
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Vestland ungdomsutval

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025

Fylkesdirektøren er i gang med å utarbeida eit handlingsprogram for trafikktrygging som skal gjelda for fylket i perioden 2022-2025. Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) hadde 14. oktober oppe ei sak om oppstart av arbeidet med handlingsprogrammet. I saka (politisk sak (PS) 87/2020) gjorde SAMO følgjande vedtak:

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til rammene for utarbeiding av handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025, slik dei kjem fram av saka».

SAMO følgde slik innstillinga gitt av trafikktryggingutvalet (FTU) 28. september 2020.

Etter *forskrift om medverknadsordningar* (2019) har det fylkeskommunale eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsrådet (Vestland ungdomsutval) rett til å uttala seg i alle saker som gjeld dei, og folkevalde organ har ansvar skal leggja sakene føre dei aktuelle råda. Det vert lagt vekt på at råda skal verta involvert tidleg i prosessane, slik at uttaler frå råda har moglegheit til å påverka utfallet av dei einskilde sakene.

I tråd med sak og vedtak i SAMO 14. oktober vert arbeidet med handlingsprogrammet lagt føre Vestland ungdomsutval, fylkeseldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Vedlagt dette notatet finn de den nemnte saka frå SAMO-møtet, som kan vera eit utgangspunkt for drøfting og innspel. Fylkesdirektøren stiller gjerne for å orientera om arbeidet dersom råda/utvalet ønskjer det.

Vedlegg

1 Oppstart av arbeidet med handlingsprogram for trafikktrygging Vestland 2022-2025